

Arkivkode:

Saksnr.: 08/6919

Fakultetsstyresak: **III i**

Møte: 25. februar 2009

## Foreløpig rekneskap for 2008

Fakultetsstyret vil få fullstendig rekneskapsrapport for 2008 i møte 25. mars. Då vil òg overføringar frå 2008 til 2009 bli handsama.

### 1 Grunnbevilgning eller departementsfinansiert verksemd

Departementsfinansiert verksemd (DFV) er verksemd som er finansiert av departementet sitt statstilskot (òg kalla statsoppdraget). I tillegg vert inntekter som ikkje gjeld bidrags- og oppdragsforskning (som leigeinntekter o.a.) ført her.

Departementsfinansiert verksemd vert i denne rapporten delt i motpart 00 og motpart 81, og synleggjort i to tabellar;

- På motpart 00 vert dei ordinære driftsinntektene og driftskostnadane til fakultetet rekneskapsført.
- På motpart 81 vert avskrivningane ved fakultetet rekneskapsført. Her kan vi følgje med på om fakultetet investerer tilstrekkeleg til å oppretthalde verdien av fakultetet sin utstyrspark. Dersom avskrivningane er høgare enn investeringane kan det vere nødvendig å setje i verk tiltak for å oppretthalde verdien på utstyrsparken. Føringane på motpart 81 får ikkje realøkonomiske konsekvensar, dvs. dei påverkar ikkje fakultetet sitt driftsresultat.

**Tabell 1 Departementsfinansiert verksemd, motpart 00**

Departementsfinansiert verksemd	Arsbudsjett 2008	Arsrekneskap 2008	Avvik 2008	Avvik %	Arsrekneskap 2007	Endring frå 2007
KD-inntekter	(422 011 000)	(418 420 210)	(3 590 790)	-0,9 %	(394 936 149)	5,9 %
Andre inntekter	(10 000 000)	(14 974 772)	4 974 772	49,7 %	(13 390 630)	11,8 %
<b>Inntekter</b>	<b>(432 011 000)</b>	<b>(433 394 982)</b>	<b>1 383 982</b>	<b>0,3 %</b>	<b>(408 326 779)</b>	<b>6,1 %</b>
Investeringar	27 442 500	13 908 894	13 533 606	49,3 %	23 191 096	-40,0 %
Lønskostnadar	304 339 600	307 847 180	(3 507 580)	-1,2 %	289 135 071	6,5 %
Andre driftskostnadar	78 136 200	78 300 096	(163 896)	-0,2 %	69 732 203	12,3 %
Internhandel med meir	22 091 700	20 587 384	1 504 316	6,8 %	32 718 441	-37,1 %
<b>Kostnadar</b>	<b>432 010 000</b>	<b>420 643 554</b>	<b>11 366 446</b>	<b>2,6 %</b>	<b>414 776 811</b>	<b>1,4 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>(1 000)</b>	<b>(12 751 428)</b>	<b>12 750 428</b>		<b>6 450 032</b>	
Saldo overført frå forrige periode	5 858 000	5 857 078	922		(592 954)	
Saldo overført til neste periode	(5 857 000)	6 894 350	(12 751 350)		(5 857 078)	
<b>Sum total</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	

Som det går fram av tabell 1 overførte fakultetet eit underskot på 5,9 millionar kroner frå 2007 til 2008. MN-fakultetet har tidlegare meldt om risiko for underskot i 2008, og har i dialog med universitetsdirektøren fått løyve til å overføre underskotet på 5,9 millionar kroner til 2009.

Fakultetet fekk imidlertid ikkje behov for å nytte overskridingsfullmakta. I staden for å overføre eit underskot kjem MN-fakultetet til å overføre eit overskot på ca 6,9 millionar kroner til 2009. Dei fleste institutta har oppnådd betre resultat enn varsla. Unntaka er Matematisk institutt (MI) og Institutt for informatikk (II) som hadde høvesvis 1,4 millionar kroner og 0,4 millionar kroner dårlegare resultat enn prognose. Både MI og II overfører likevel overskot til 2009. Det sterke fokuset på fakultetet sin stramme økonomi har ført til lågare forbruk enn først antatt. I tabell 1 kan ein sjå at innsparingane i stor grad har skjedd ved at fleire institutt har utsett planlagde investeringar. I 2008 reduserte fakultetet investeringskostnadane med 40 %, frå 23,2 millionar kroner i 2007 til 13,9 millionar kroner i 2008. Ei meir detaljer utgreiing vil bli lagt fram for styret på møtet i mars.

På grunn av kostbart lønnsoppgjjer i 2008 er dei totale lønnskostnadane ca 1,2 % høgare enn budsjettert, og 6,5 % høgare enn i fjor.

I høve til 2007 er total kostnadsvekst 1,4 %.

**Tabell 2 Avskrivningar, motpart 81**

Departementsfinansiert verksemd, motpart 81	Årsbudsjett 2008	Årsrekneskap 2008	Avvik 2008	Avvik %
Inntekt satt av for årets investeringar	18 657 600	23 654 910	(4 997 310)	-26,8 %
Inntekt for årets avskrivningar	(28 275 600)	(29 509 246)	1 233 646	4,4 %
<b>Inntekter motpart 81</b>	<b>(9 618 000)</b>	<b>(5 854 336)</b>	<b>(3 763 664)</b>	<b>-39,1 %</b>
Investeringar, varekostnadar	(27 442 500)	(14 405 207)	(13 037 293)	-47,5 %
Avskrivningar	37 060 500	29 509 246	7 551 254	20,4 %
Investeringar ved FFV og EFV, overført til DFV	0	(9 249 703)	9 249 703	
<b>Kostnadar motpart 81</b>	<b>9 618 000</b>	<b>5 854 336</b>	<b>3 763 664</b>	<b>39,1 %</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	

Som forklart over viser føringar på motpart 81 fakultetet sine totale investeringar og avskrivningar. For at fakultetet skal kunne oppretthalde verdien på utstyrsparken må investeringane vere på same nivå som, eller høgare enn, avskrivningane.

I tabell 2 ser ein at dei totale investeringane ved fakultetet er 23,6 millionar kroner (14,4 millionar kroner ved DFV og 9,2 millionar kroner ved FFV og EFV), medan avskrivningane har vore 29,5 millionar kroner. Det vil seie at verdien på fakultetet sin utstyrspark er redusert med 5,9 millionar kroner i 2008.

## 2 Forskningsrådsfinansiert verksemd

Forskningsrådsfinansiert verksemd (FFV) omfattar prosjekt finansiert av Noregs forskingsråd.

**Tabell 3 Forskningsrådsfinansiert verksemd**

Forskningsrådsfinansiert verksemd	Årsbudsjett 2008	Årsrekneskap 2008	Avvik 2008	Avvik %	Årsrekneskap 2007	Endring frå 2007
Diverse bidragsinntekter	(181 000 000)	(161 897 681)	(19 102 319)	-10,6 %	(169 030 947) *	-4,2 %
<b>Inntekter</b>	<b>(181 000 000)</b>	<b>(161 897 681)</b>	<b>(19 102 319)</b>	<b>-10,6 %</b>	<b>(169 030 947)</b>	<b>-4,2 %</b>
Investeringar	0	500 824	(500 824)		289 401	73,1 %
Lønskostnader	88 789 700	90 605 776	(1 816 076)	-2,0 %	75 061 863	20,7 %
Andre driftskostnader	49 765 100	46 450 038	3 315 062	6,7 %	43 884 200	5,8 %
Internhandel med meir	46 995 200	42 759 209	4 235 991	9,0 %	29 735 789 *	43,8 %
<b>Kostnader</b>	<b>185 550 000</b>	<b>180 315 847</b>	<b>5 234 153</b>	<b>2,8 %</b>	<b>148 971 253</b>	<b>21,0 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>4 550 000</b>	<b>18 418 166</b>	<b>(13 868 166)</b>		<b>(20 059 694)</b>	
Saldo NFR overført frå forrige periode	(45 502 000)	(45 501 826)	(174)		(25 442 133)	
Saldo NFR overført frå/til neste periode	40 952 000	30 516 048	10 435 952		45 501 827	
Saldo PA NFR overført fra/til neste periode	0	(3 432 387)	3 432 387			
<b>Sum total</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>(0)</b>		<b>0</b>	

\* Under Årsrekneskap 2007 er Diverse bidragsinntekter og internhandel med mer redusert med 27 millionar kroner fordi tungrekneprosjektet er flytta frå FFV til EFV

Inntektene frå Noregs forskingsråd gjekk ned med 4,2 % <sup>1</sup>(7,1 millionar kroner) i 2008. Fakultetet fekk inntekter på 161,9 millionar kroner frå forskingsrådet, noko som er 19,1 millionar kroner lågare enn budsjettert. Nedgangen skuldast dels at forskingsrådet har halde tilbake delar av tilskotet i 3. tertial i eit forsøk på å byggje ned dei samla NFR-overføringane i sektoren, og dels at prosjekt (mellom anna det store tungrekneprosjektet) som tidlegare var kategorisert som NFR-prosjekt no er definert med anna finansieringskjelde (NFR-midlar som vert tildelt via andre kjelder).

Aktiviteten (kostnadane) ved forskningsrådsfinansiert verksemd er derimot ikkje redusert og var på 180,3 millionar i 2008. Overføringane <sup>2</sup> ved FFV er difor redusert med 18,4 millionar kroner i 2008. Fakultetet overfører 27,1 millionar kroner til 2009.

<sup>1</sup> 2007-tal er justert for korrekt samanlikning. Innkjøp av tungreknemaskin i 2007 er omkategorisert frå NFR-verksemd til EFV, og 2007-tal er difor justert tilsvarende.

<sup>2</sup> Overføringar (øgd kalla forpliktelser) er midlar som er tildelt UiB, men foreløpig ikkje nytta. Dette gjeld tildelingar frå KD, andre departement og forskingsrådet. Forskotsinnbetalingar frå andre eksterne kjelder vert klassifisert som prosjektgjeld og inngår ikkje i overføringane.

### 3 Eksternt finansiert verksemd

Eksternt finansiert verksemd (EFV) er alle eksterne prosjekt som ikkje er finansiert av Noregs forskingsråd.

**Tabell 4 Eksternt finansiert verksemd**

Eksternt finansiert verksemd	Årsbudsjett 2008	Årsrekneskap 2008	Avvik 2008	Avvik %	Årsrekneskap 2007	Endring frå 2007
Diverse bidragsinntekter	(59 600 000)	(93 909 729)	34 309 729	57,6 %	(82 658 659) *	13,6 %
Prosjektsaldo overført frå forrige periode	(24 593 000)	(21 182 333)	(3 410 667)	-13,9 %	(15 421 210)	37,4 %
Prosjektsaldo overført frå/til neste periode	22 134 000	43 231 042	(21 097 042)	-95,3 %	24 594 493	75,8 %
<b>Inntekter</b>	<b>(62 059 000)</b>	<b>(71 861 020)</b>	<b>9 802 020</b>	<b>15,8 %</b>	<b>(73 485 376)</b>	<b>-2,2 %</b>
Investeringar	0	(76 295)	76 295		34 205	-323,1 %
Lønskostnader	19 820 700	29 731 290	(9 910 590)	-50,0 %	20 492 191	45,1 %
Andre driftskostnader	34 375 100	49 620 236	(15 245 136)	-44,3 %	20 448 058	142,7 %
Internhandel med meir	7 863 200	(7 414 210)	15 277 410	194,3 %	32 510 922 *	-122,8 %
<b>Kostnader</b>	<b>62 059 000</b>	<b>71 861 021</b>	<b>(9 802 021)</b>	<b>-15,8 %</b>	<b>73 485 376</b>	<b>-2,2 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>(0)</b>		<b>0</b>	

\* Under Årsrekneskap 2007 er Diverse bidragsinntekter og internhandel med mer auka med 27 millionar kroner fordi tungrekneprosjektet er flytta frå FFV til EFV

Inntektene ved eksternt finansiert verksemd er 71,9 millionar kroner, noko som er 9,8 millionar kroner høgare enn budsjett. Dette skuldast mellom anna at prosjekt som tidlegare var kategorisert som NFR-prosjekt, no er kategorisert som EFV-prosjekt fordi midlane frå NFR kjem via andre kjelder. Totalt er det likevel ein nedgang på 2,2 % frå 2007<sup>1</sup>.

Sjølv om forskotsinnbetalingar<sup>2</sup> på desse prosjekta ikkje vert rekna som overføringar, er det interessant å følgje med på desse storleikane. I 2008 auka forskotsinnbetalingane (diverse bidragsinntekter) med 13,6 %. Prosjektgjeld som må overførast frå år til år har auka frå 21,2 millionar ved utgangen av 2007 til 43,2 millionar ved utgangen av 2008.

Det er litt lågare EU-aktivitet ved fakultetet enn budsjettert. Aktiviteten er likevel 2,4 millionar kroner eller 50 % høgare enn aktiviteten var i 2007. Fakultetet ventar endå høgare EU-aktivitet i 2009.